



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)

Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

|                      |                     |             |             |            |
|----------------------|---------------------|-------------|-------------|------------|
| Saksbehandlar        | Tlf. direkte innval | Vår ref.    | Dykkar ref. | Dato       |
| Torleif Bakke Haavik |                     | 2025/6806-3 | 202502924-2 | 26.06.2025 |

## Høyringsuttale - Søknad om konsesjon for vassuttak og regulering av Kvitebergsvatnet

Kvinnherad kommune syner til brev (dykkar ref. 202502924-2) om høyring av søknad om konsesjon for vassuttak og regulering av Kvitebergsvatnet i Kvinnherad kommune i Vestland fylke.

### Bakgrunn

I 2014 søkte Ølve Bruk AS om konsesjon for regulering av Kvitebergsvatnet og vassuttak for settefiskproduksjon. Konsesjonssøknaden vart den gongen lagd ut til offentlig høyring i Kvinnherad kommune. Kommunen kom med høyringsuttale i saka.

Ølve Bruk AS fekk 09.06.2016 vassdragskonsesjon for mellom anna regulering av Kvitebergsvatnet med 1,6 meter.

Kvinnherad kommune legg til grunn at innhaldet i søknaden som no ligg føre, i stor grad samsvarar med rammene for vassdragskonsesjonen som vart tildelt i 2016.

### Planstatus

Kvitebergsvatnet er i kommuneplanen sett at til føremålet *bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone*. Området kring vatnet og langs vassleidningen til Ølve Bruk AS er i si heilheit LNF. Det eksisterande settefiskanlegget ligg i område avsett til *næring*. Det planlagde nye settefiskanlegget er tenkt plassert i eit næringsområde. Eventuell sjøleidning vil gå gjennom areal med planstatus *bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone*.

### Vatn og avløp

Kvinnherad kommune har hovudvassleidningar som går igjennom Kvitebergsvatnet.

Ved ei eventuell regulering til lågare vass-stand vert desse utsett for auka frostfare. Totalt gjeld dette 8 plassar. I tillegg er det fleire private vassleidningar som også ligg i vatnet.

Alle hovudvassleidningar bør eventuelt sjekkast med tanke på djupne/overdekking der dei går til/frå land, og tiltak for frostsikring bør om naudsynt iverksetjast.

Kommunen meiner at den som regulerer vatnet må bera denne kostnaden.

**Naturmangfald**

Kvinnherad kommune legg til grunn at tiltaket sin verknad på naturmangfald er teken i vare gjennom vurderinga frå NVE og av andre aktuelle faginstansar som til dømes Statsforvaltaren.

**Kulturminne**

Det har tidlegare vore omfattande gruvedrift ved Kvitebergsvatnet. Det finst framleis spor av denne verksemda kring vatnet. Kulturminne som ligg ved vassoverflata/standsonen kan potensielt ta skade av regulering av vatnet. Kommunen meiner at det er viktig at desse kulturminna vert grundig vurdert i saka.

**Landbruk**

I nordre ende av vatnet ligg det fleire stadar dyrka mark tett på vatnet. Sidan vatnet ikkje skal demmast opp meir enn det som er tilfelle i dag, er kommunen si vurdering at tiltaket ikkje får negativ verknad for landbruksareal i området.

**Næring**

Kvinnherad kommune har stor produksjon av oppdrettsfisk i sjø. Det er positivt at denne produksjonen er støtta av tilførsle av lokalprodusert settefisk. Det planlagde settefiskanlegget til Ølve bruk AS/Alsaker Fjordbruk AS vil gje arbeidsplassar i kommunen og i tillegg få positive ringverknader for næringslivet i kommunen.

**Tilråding**

Kvinnherad kommune meiner at regulering av Kvitebergsvatnet i samsvar med søknaden gjev god utnytting av naturressursane i kommunen og at tiltaket samla sett er positivt for kommunen og lokalsamfunnet. Kvinnherad kommune rår difor til at NVE gjev Ølve Bruk AS løyve til vassdragsregulering.

Med helsing

KVINNHERAD KOMMUNE

Torleif Bakke Haavik

*Rådgjevar*

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.*